

# Tilskot til friluftslivsaktivitet 2008

Møre og Romsdal fylke annonserer på si heimeside [www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no) ulike tilskotsmidlar. Når du klikkar deg inn på *Tilskot øvst* på sida, finn du nærare omtale av ulike tilskotsordningar med søknadsskjema. For frivillige lag og organisasjonar er det m.a. høve til å søkje Tilskot til friluftslivsaktivitet 2008. Målet med dette tilskotet er å medverke til stimuleringsiltak og haldningsskapande arbeid for friluftsliv blant barn og unge. Denne sida er også kjelda til dette Grorabladet.

**Målgruppa for ordninga** er lokale lag og organisasjonar, dei regionale nettverka "Forum for natur og friluftsliv" (FNF), Friluftslivets Fellesorganisasjon (FRIFO) og evt. andre samskipnader av landsdekkjande, frivillige organisasjonar med friluftsliv som arbeidsområde.

## Kva for tiltak kan få tilskot?

Når det gjeld tilskot til friluftslivstiltak, er desse kvalifiserte:

- Tiltak som stimulerer nye grupper til deltaking i friluftslivsaktivitetar, til dømes personar med nedsett funksjonsevne og etniske minoritetar i Noreg.
- Tiltak retta mot barn, unge og barnefamiljar.

## Kor skal søknaden sendast?

- Søknadar frå organisasjonar og lag på kommunenivå skal sendast til kommunen.
- Søknadar om tiltak som omfattar fleire kommunar skal sendast til ein av dei involverte kommunane.
- Søknadar frå kommunar og organisasjonar på fylkesnivå skal sendast til Møre og Romsdal fylke.
- Søknadar frå sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar skal sendast til Direktoratet for naturforvaltning.

## Søknadsfrist og sakshandsaming

- Søknadsfristen for lag og organisasjonar på kommunenivå er **15.desember 2007**.
- Søknadsfrist for kommunar, lag og organisasjonar på fylkesnivå og sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar er **15.januar 2008**.

Kommunen tek imot og vurderer søknadar frå lokale lag og organisasjonar, og sender søknadane med ei tilråding om prioritering til fylkesmannen saman med eventuelle søknadar frå kommunen sjølv eller på vegne av fleire kommunar. Fylkesmannen handsamar søknadane frå lokale lag og organisasjonar, kommunar og organisasjonar på fylkesnivå innafor ei budsjetttramme fastsett av Direktoratet for naturforvaltning. Sjølv godt kvalifiserte søknadar kan bli heilt eller delvis avslått på grunn av knappe budsjettmidlar. Direktoratet for naturforvaltning handsamar søknadar frå sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar. Alle søkjarar skal få svar frå fylket innan 15.mars 2008.

## Krav til innhald i søknaden

- Dersom søknaden inneheld fleire prosjekt, må kvart prosjekt spesifiserast.
- Søknadsskjema A-08 skal nyttast.
- Rett utfylling av dette skjemaet oppfyller krava til kva søknaden skal innehalde.

Du finn rundskriv og søknadsskjema på fylket si heimeside. Eg oppmodar lag og organisasjonar til å vere kreative når det gjeld tiltak retta mot målgruppene, og nytte høvet til å søkje om tilskot. FestiVolda arrangerte Framtidsverkstad denne veka, og der kom det fram mange gode og kreative forslag til tiltak og gode møteplassar for innbyggjarane i kommunen vår. No kan lag og organisasjonar søkje om tilskot til friluftslivstiltak, og eg oppmodar dykk difor til å nytte dette høvet til å søkje om midlar til nokre av dei tiltaka som vart foreslått på denne verkstaden. Dette er også ein fin måte å synleggjere aktivitet i eige lag eller organisasjon. Send søknaden til Volda kommune, v. folkehelsekoordinator innan 15.desember. Merk søknaden: Tilskot friluftslivstiltak 2008.

Berit Koen,  
folkehelsekoordinator